

Vinjes retoriske teori og praksis

Ottar Grepstad

Svært mange av dei som har skrive om A.O. Vinjes verk, har framheva den retoriske elegansen, evna hans til polemikk, den ledige skrivemåten og den språklege fornyinga han stod for. I dei framstillingane som gjeld sakprosaen hans, vekslar ein ganske saumlaust mellom talar og skriftlege tekstar. Det er den skrivande Dølen som har interessert Vinje-lesarane til no. Lite har vore skrive og endå mindre sagt om den talande A.O. Vinje.

Kor mange talar han heldt, er uråd å seie sikkert. Med samlinga av Vinje-kommentarane i *Drammens Tidende* er uvissa mindre og talet større (Vinje 2018). I blad, aviser og bøker er iallfall 64 talar publiserte in extenso eller refererte meir eller mindre utførleg. Det er mange, men talane utgjer ein liten del av dei 2500 tekstane eg har dokumentert i *Vinje-bibliografien* (Grepstad 2017).

Talane om Vinje er endelaust mange og langt på veg dokumenterte i bibliografien. Sjølv om talane har vore skilde ut i verkutgåvene like sidan 1887, har ingen skrive om dei som talar

eller studert Vinje som talar. I større framstillingar vil rett nok sider ved Vinjes retoriske teori og praksis kome til syne, som hos Jon Haarberg. I *Vinje på vrangen* (1985) kommenterer han til dømes den redigerte talen «Paa Fesjaa», som han kallar Vinjes mest vellykka leik med motsetnaden mellom dyr og menneske (Haarberg 1985 s. 139 ff.). Hos ein biograf som Vetle Vislie er der eit og anna innskot om Vinje-talar, og Olav Vesaas har brukt talane til liks med andre skriftlege førelegg som kjelder (Vislie 1890; Vesaas 2001).

Eit hjørne i dette tomrommet skal no møblerast minimalistisk. Eg presenterer Vinjes retoriske teori og prøver å forstå hans eigen praksis. Nokon teori i vitskapleg tyding er det ikkje tale om, heller nokre overordna kategoriar som blei hans forståingsmåte. Talekritikkane hans er alle henta frå *Drammens Tidende*, der enkle søk på «tale» og «foredrag» viste til over 40 korrespondansar.¹ Her byggjer eg på arbeidet med *Vinje-bibliografien* og essayet «Vinje på talarstol og galleri» (Grepstad 2018 s. 362–378). Det spørsmålet som skal få nokre svar, kan formulerast slik: Kva var Vinjes forståing av god talekunst, og korleis plasserte han seg sjølv som talar i denne teorien?

Tid- og stadfesta talekunst

Dei talane som er kjende, skriv seg frå ein periode på 19 år. Den første talen, som eg har funne nemnd i eit referat, heldt han på ein fest for den ungarske opprøraren Ludvig Kosuth hausten 1851. Dette referatet finst berre som andrehands kjelde (Vinje 1851g).² Den neste var ein skåltale for England i Studentersamfundet 17. mai 1855 (Vinje1855b). «Naar vi rose England, rose vi os selv», sa talaren Vinje ifølgje referenten Vinje. Han fann grunn til å vere sin eigen referent, «da jeg ikke ved, om nogen Anden gjør det». I nokså nøytrale former tok han i dei usignerte kommentarane

sine i *Drammens Tidende* med moment eller utdrag frå egne talar. Ëin gong fekk han med at det var *Overretssagfører* Vinje som hadde talt; Dølen kunne sine retoriske autoritetsargument.

Den første Vinje-talen som truleg er bevart in extenso, var om verdien av jord i Akers Sogneselskab i Kristiania 5. april 1859. Då var det nynorsk som gjaldt for han, og så godt som alle kjende Vinje-talar er frå den nynorske perioden hans. Siste gongen han stod på talarstolen, var truleg i Larvik om lag 10. februar 1870. To månader etterpå blei han alvorleg sjuk, far, enkjemann og åleinefar, alt på éi veke. Det var han i tre månader til han døydde 30. juli 1870.

Det aller meste Vinje skreiv, er tidfesta eller kan stadfestast som høvesdikt eller høvesprosa, skrive for tida og staden og høvet. Høvesdiktinga var det mest av i 1850-åra, høvestalane mest i 1860-åra. Han bygde seg opp som forfattar då han dreiv med høvesdiktinga, og han var ein etablert forfattar då han heldt dei fleste av talane sine. Eg meiner det er dekning for å hevde at talane gjorde Vinje meir populær.

Innimellom høvestalane heldt Vinje mange foredrag som var ganske stramt resonnerande foredrag. Moderniseringsagenten kom godt til syne i ei rekkje på seks foredrag om handverk og industri i Christiania Haandverkssamfund vinteren 1868–1869 (Vinje 1919 s. 141–172).³ Dei foredraga er noko av det beste han gjorde. Grunnlinja er at ånd og hand er to sider av same sak slik kunst og kunne er det. «Folk gløyma altfor tidt Arbeidets Adelskap», sa Vinje i det første foredraget, og derifrå tok han tilhøyrarane med gjennom historia om samspelet mellom åndsverk og handverk. Foredragsrekka blei ei kunst- og kulturhistorie om korleis forholdet mellom kunst og handverk endra seg, og korleis kulturelle skilnader oppstod fram mot det moderne og den samtida både han og tilhøyrarane var ein del av.

Historia om dei store kulturane jamførte han på fleire viktige punkt med det han visste og hadde erfart heimanfrå. «Det er

sannt, at me jamvel kunde sjaa paa ein Timberstokk der heime kven som hadde hogget den, naar det var ein framifraa Mann» (Vinje 1919 s. 151). Å vere mann i sitt fag og vere det med ånd, det er det som er arbeidets kunst og adelskap, sa Vinje. Den eine måtte lære av den andre. Slik hylla han bonden og handverkarens arbeid på linje med dei såkalla store kunstnarane. Det er klokt tenkt, snedig gjort og uhyre effektiv talekunst.

Høveskrivinga kan forklarast på fleire vis, ikkje minst økonomisk. Oppdrag som høvesdiktar og talar kasta kanskje ikkje mykje av seg – om dette seier kjeldene svært lite – men for ein som støtt trong pengar, kom alt godt med. Særleg dei siste åra gjorde han gode pengar som folketalar, festtalar og foredragshaldar. Ein seks veker lang turné i Bergen med 12 foredrag hausten 1869 gav heile 220 spesidalar i inntekt. Årsløna hans som kopist i Justisdepartementet frå 1865 til 1868 hadde vore 250 spesidalar.

Vinje måtte skrive for å leve og selde skrifter stykkevis og delt. Den tryggaste tida hans som skribent var åra som Kristiania-korrespondent 1851–1858. Då hadde han fast inntekt, som han plussa på med ymse litterære tingsverk. Fast og sikker inntekt hadde han også i Justisdepartementet 1865–1868, men då hadde han pengesluket Dølen. Med det bladet gjekk Vinje inn i uvissa.

Han budde 22 år i Kristiania og hadde sikker inntekt berre halve tida. Han skreiv det han hadde råd til å skrive, og han skreiv når han hadde råd til det. Flammen blafra i mange retningar. Berre seks talar er kjende frå tida før *Dølen*, og etter at han blei sparka ut av *statens fehus*, heldt han 33 av dei 64 talane som no er kjende.

Vinjes retoriske teori

Den klassiske retorikken var haldepunktet hans. Som Aristoteles meinte Vinje at den som var eit klokt menneske, også snakka

klokt. Om ein stortingsrepresentant skreiv han: «Han taler med Værdighed og fiin Sprogriktighed; det maa være en begavet Mand» (Vinje 1851c). Han sorterte tydeleg mellom dei tre taleformene i den klassiske læra som held seg med mange heilage tredelingar. Ei av dei er dei tre typane talar – domstale, lovtale, rådstale. Domstalen tek stilling til noko i fortida og krinsar om rettferd og urettferd, som i rettssalen. Lovtalen gjeld notida, peikar på situasjonen her og no og inneheld gjerne ros eller kritikk. Rådstalen handlar om framtida og drøftar kva som bør gjerast, som i ei politisk forsamling.

Kvar han tok dette frå, er uvisst. Han gjekk ut frå Asker seminar i 1843 med sin dårlegaste karakter, «næsten meget godt», i rettskriving og stil (Vesaas 2001 s. 51). Retorikk var ein del av den allmenne danninga som kom godt med i ulike fag. At Vinje hadde lese mykje, er eit faktum, men lite av dette kan forklare at han blei den talekunstnaren han blei. Generelt viste han sjeldan til kjelder. I det han skreiv om talekunst, viste han også sjeldan til føredøme, anna enn at «man tror altid, at Engländerne tale saa godt efter de lange Taler, man læser fra Parlamentet» (Vinje 1854c).⁴

Der var fleire solide framstillingar av retorikk generelt og talekunst spesielt i første halvdel av 1800-talet. Standardverket på dansk kan seiast å ha vore *Forsøg til en Rhetorik* av norske Jacob Rosted i to utgåver, 1810 og 1824.⁵ Mykje, men langt frå alt, var ei sterkt forkorta utgåve av *Lectures on Rhetoric and Belles Lettres* av skotske Hugo Blair frå 1783, som kom i fleire utgåver og meir enn 70 opplag (Onsberg 2009 s. 143).⁶

I den retoriske læra si lista Rosted opp sju kjennemerke ved gode offentlege foredrag i *folkeforsamlinger*, gode i tydinga overta-lande. For å kunne overtale må talaren arbeide mykje med bevisa og argumenta sine (Rosted 1810 s. 100–105). Han må meine det han seier. Han må arbeide meir med stoffet enn med å finne dei

rette orda. Talaren må ordne stoffet godt. Han må vere «varm og besjelet» og tilpasse talen til tid, stad og stemning. Stilen må vere lett og fri, heller sterk enn vidløftig. Han må snakke tillitsfullt og fast utan for stor sjølvtilitt. Desse krava var uendra i 1824-utgåva.

Vinjes retoriske lære var på ingen måte velordna og strukturert. Alt der braut *Dølen* med eit av krava til Rosted. På den andre sida kan ikkje resonnementa hans reduserast til impresjonisme heller. På essayistisk vis utvikla Vinje si retoriske forståing over tid.

Som spaltist i *Drammens Tidende* 1851–1859 rapporterte Vinje jamleg frå Stortinget. Dei folkevalde møttest berre av og til, i åtte månader kvart av åra 1851, 1854 og 1857 og nokre vårveker 1858.⁷ I avisa gjorde han meir enn å referere og kommentere det politiske innhaldet i ordskefta. Vinje vurderte både form og innhald, både tenkjemåtane og talemåtane. Her som elles tok han meir enn gjerne stilling.

Det var den politiske talen, rådstalen, Vinje vurderte, og det var ikkje talar for kven som helst: «Man maa tale saaledes, at den virkelig dannede Mand maa billige det Sagte; det er ved ham Reformerne maa blive gennemførte» (1851a). Mange år før han sjølv blei sekretær, eller kopist, i eit departement, hevda Vinje at nettopp kopistane utgjorde det beste publikummet i byen:

«Jo mindre en Kopist arbejder, des større Kritikus er han. [...] Er Storthinget samlet, gaar han paa Galleriet og udgjør Kjærnen af det Publikum, hvortil Storthinget skuer op, og uden hvis forudføjte Bifald ingen Beslutning lettelig gaar igjennem, hvorfor ogsaa de fleste Thingmænd skotte op og til Siden efter endt Foredrag» (Vinje 1857d).

Vinje venta presise resonnement og klar argumentasjon. Teologen Carl Paul Caspari heldt «et langt, grundigt og belærende Foredrag, som ved sin Lærdom og logiske Skarphed det var en sand Fryd at høre paa», skreiv Vinje då han kommenterte eit ordskifte om dei apokryfe skriftene i Bibelen (Vinje 1855a). «Uagtet

jeg holder af en klar og sammenhængende Tale», skreiv han ein annan gong, «saa har jeg dog en Slags overtroisk Respekt for mennesker, som tale dunkelt og usammenhængende og ligesom snakke hen for sig selv, og ser jeg en Abekat, f. Ex. ind i Øinene, forekomme de mig saa dybe og uudgrundelige, at jeg næsten tror ham rugende over Skabningens hele Mysterium, blot han kunde tale» (Vinje 1852).

For Vinje gjaldt det å vere munnleg og engasjerande. «Jeg ærgrer mig, saasnt en Mand tillader sig at tale i en stor Forsamling, naar han ikke har Erfarenhed for sig, at han kan henrive» (Vinje 1851f). Det var ikkje Vinje om han ikkje la til: «Jeg erindrer derfor ikke en Stavelse af de fleste Taler, især da jeg strax blev enig med mig selv ikke at høre efter».

Ein tale skulle framførast, ikkje lesast opp. Carl Konow talte ikkje, skreiv Vinje, han las: «Da han maatte fornemme, at Ingen hørte ham, læste han endnu fortære, som han skulde været jaget afsted» (Vinje 1854a). Fleire gonger insisterte Vinje på det munnlege, som etter ein minnefest for fedrane i 1857, der professor P.A. Munch hadde halde eit foredrag, eller ei vanleg opplesing, som Vinje kalla det. Han gjekk heller og åt og trøysta seg med at han «fik Professorens visselig fortrinlige Afhandling trykt, og saaledes kunde læse den hjemme til en Pibe» (1857a).

Det som skulle seiast, skulle seiast der og då. Det må vere vanskeleg å skrive talar på førehand «naar man maa indbilde sig Stemningen istedetfor at føle den af Øieblikkets Indtryk» (Vinje 1857b).

Brått var han der, den perfide. Ein gong Stortinget drøfta situasjonen i kommunane, sukka mannen på galleriet: «Da jeg hørte Ordførerens Tale, glemte jeg, at jeg var i Christiania; jeg syntes, jeg var hjemme eller i et Ladested» (Vinje 1851d). 17. mai-talarane var jamt over «tørre, lavmælte og snusfornuftige», fulle av klingklang. «Det er», skreiv han, «ikke Livet, som

skildres, men Maaneskin i en Vinternat» (Vinje 1857c). Utkroppen, det var det han var.

Vinje var kritisk, ja, ironisk, ja, vittig, ja, men også raus og venleg og rosande. Det som imponerer mest i talekritikken hans, er det retoriske repertoaret hans. Han hadde mange måtar å skrive om talarane på. I 1851 las kongen opp trontalen «med svag, men tydelig Stemme», tydeleg nok til at ein kunne høyre «at han ikke var en norsk Mand» (Vinje 1851b). Om Agathon B. Hansteen frå Nordlands amt skreiv Vinje: «Der er i hans Tale og Foredrag noget høist nationalt og folkevittigt» (Vinje 1854e). Og Georg Prahl Harbitz frå Askvoll talte med «Følelse og Værdighed» (Vinje 1854d).

Best av alle var ein representant frå nord, meinte Vinje. Presten Nils Frederik Julius Aars frå Enebakk var vald inn frå Finnmarkens amt og fekk kritikaren til å skrive seg vekk frå alle atterhald: «Han er ubestridelig uden Sammenligning Thingets største Taler; hans Organ er harmonisk og hans Sprog er reent, Sætningerne rulle ligesaa naturligt som Bølgen; og hans Anstand og mandige Gestalt gjør ham i høi Grad bydende og værdig. Han er — synes mig — som Taler for stor til vore Forholde, medmindre et himmelsk Veir skulde trække op; han burde staa i det engelske Parlament eller det franske Deputeredekammeret» (Vinje 1851e).

Vinje gjekk inn i denne retoriske kritikken med klare meiningar om kva som skal til for å vere ein god talar. Dei oppfatningane endra han ikkje med åra. Han generaliserte også på ein annan måte. Det var altså den politiske talen Vinje vurderte, men den talekritikken forma han som ein allmenn kritikk, gyldig for mange slags talar.

Vinje venta presise resonnement og klar argumentasjon. Det gjaldt å vere munnleg, og ein tale skulle framførast, ikkje lesast opp. Det som skulle seiast, skulle seiast der og då. Dermed framheva Vinje høvet, situasjonen, *kairos*, som

haldepunktet for all god talekunst. Det gjaldt å gripe høvet og begripe situasjonen.

Den retoriske grunnlære si hadde han samla i éi setning mange år tidlegare. Det måtte vere «god Husholdning med Vid, Logik og hele det poetiske Trylleri, som ligger i fortræffelige Taler» (Vinje 1854b).

Den upålitelege teksten

Det han sjølv gjorde som talar, var mest domstalar og lovtalar. Skulle vi ta han på ordet, heldt han mange talar som blei til der og då, som ikkje var skrivne på førehand, men som kanskje var planlagde på førehand, og som blei framførte, ikkje opplesne. Den framføringslære ser det ut til at han følgde.

Der er fleire meir eller mindre pålitelege skildringar frå samtida som uavhengig av kvarandre skildrar korleis han snakka. Slike har kome frå så ulike personar som Hagbard Emanuel Berner, Bjørnstjerne Bjørnson, Mensine Gulbrandsen, Lars Holst, Henrik Jæger, Emil Olsen, Johan Ernst Sars (Jæger 1896; Holst 1899; Sars 1899; Bjørnson 1907; Berner 1917; Olsen 1926; Frey 1959). Ei viss heltedyrking har nok gjort seg gjeldande hos desse, men det er ikkje nok til å fjerne inntrykket av at Vinje var ein framifrå talekunstnar. Pressa i samtida omtalte han som ein populær og beundra talar. Mannen på scena hadde salen i sine hender. Derimot kan det ha vore ein viss avstand mellom lære og liv på dei andre punkta.

Når Vinje-talar skal studerast, gjeld det å avklare kva tekstar som ligg føre og kva status dei har. Den første verkutgåva med Vinje-skrifter kom i åra 1883–1890, den andre i åra 1916–1921. I begge blei talar skilde ut som eigen sjanger. Den første inneheldt 22 talar og foredrag, den andre 35. Minst 20 av dei har aldri vore trykte i bokform. Der er nok fleire.

Vinje refererte gjerne sjølv frå egne talar, trykte egne talar, trykte også talar som anten ikkje var framførte eller eventuelt framførte i ei anna form. Dette gjeld mellom anna to 17. mai-talar. Den eine trykte han i *Blandkorn* i 1867, den andre i *Dølen* 1869 (Vinje 1867; Vinje 1869).⁸ Noko av det same gjeld fesjåtalanane. Berre i 1859 var han på fesjå fleire stader, mellom anna på Stavmarknaden i Øyer, Gudbrandsdalen 29. eller 30. august 1859. Frå det fesjået og den talen ligg det føre to ulike referat, det eine i *Christiania Amtstidende*, det andre av talaren sjølv i *Dølen*.⁹ Vinje publiserte kanskje delar av talen i revidert form i *Blandkorn* under tittelen «Paa Fesjaa», men heldt knapt nokon slik tale i den forma, kommenterte Olav Midttun.¹⁰

Etter Vinje finst det svært få handskrifter utanom brev.¹¹ Manuskripta til talar som Vinje heldt, er trykte, og fleire av desse er foredrag som han heldt i Bergen hausten 1869. Sjølv om manuskripta ligg føre, kan vi ikkje ta for gitt at Vinje følgde dei slavisk. Særleg *Bergens Tidende* og *Bergensposten* refererte grundig frå fleire av foredraga, og ein nærstudie av manuskript og referat kan gi hint om moglege avvik. Foredraga utløyste lange ordskitte i Bergens-avisene, men Vinje klaga aldri over at han var blitt feilsitert.

Nokre av Bergens-foredraga heldt han dessutan i Tønsberg og Larvik to månader etterpå. Referata derifrå er kortare enn i Bergens-avisene, men likevel interessante. Også for fleire talar som Vinje trykte i *Dølen*, finst det referat i ymse aviser. Dermed kan talekunsten hans studerast i fleire kjelder. Eventuelle avvik treng ikkje skrive seg frå at referenten har vore letthendt. Det kan like gjerne vere Vinje som tok eit steg utanfor manuskriptet sitt, eller at han endra litt på det han trykte i bladet sitt. Eg held det for sannsynleg at han gjorde det han kunne for at talane skulle bli best mogleg på trykk. Difor bør studiar av Vinjes talekunst gå ut frå at dei fleste tekstane er redigerte av talaren i ettertid.

Ein høvestalar på nynorsk

Då Vinje sjølv tok til å halde talar, hadde han alt kommentert talekunsten i om lag 30 korrespondansar. Talaren Vinje hadde mykje å lære av kritikaren Vinje og gjekk frå teori til praksis då han blei folketalare i 1860-åra.

Som talar sa han mykje på nynorsk og lite på dansk. Iallfall trykte han talane på nynorsk. Vinje var den første som talte offentleg på nynorsk, men det heldt så vidt. Den 17. mai 1859 stod han på Eidsvoll og heldt ikkje mindre enn fire kortare og lengre talar. Tre månader etterpå, 11. august, heldt Kristofer Janson som kjøkemeister tale på «det fagraste Hardanger-Maal» for Russelaget som var samla til feiring på stranda ved Frederiksborg på Bygdøy i Kristiania (Grepstad 2021 s. 120).

Det kan nok vere at talane på Eidsvoll var språkblanda. Etter det eg kan sjå, kommenterte Vinje sjølv dette berre ein gong. Då han hausten 1859 trykte talen frå marknaden i Øyer, skreiv han at talen var «sovidt eg kann minnast, slik». Etter talen la han til: «Eg talade ikkje fullt so norsk som her; det var Blandings-Gods» (Vinje 1859a). På dette tidspunktet var han truleg enno språkleg usikker. Fem år seinare heldt han eit foredrag om Sverige ved 50-årsjubileet for Grunnlova. «Foredraget holdtes i Dølemaal», skreiv *Illustreret Nyhedsblad* etterpå.¹² Kva det betyr, er ikkje innlysande. Sjølv på 2000-talet kunne aviser rose Odd Nordstoga for at han syng på Vinje-dialekt også når han syng nynorsknormerte tekstar av Ragnar Hovland. Det Vinje gjorde, blei iallfall oppfatta som noko anna enn det vanlege.

Vinje var den første til å snakke nynorsk offentleg, og den andre til å skrive nynorsk. Berre Ivar Aasen var føre, og langt på veg både ein nødvendig og tilstrekkeleg føresetnad for det Vinje utretta på nynorsk.

Aasen flytta til hovudstaden hausten 1847, Vinje våren etter.

Den første teksten på nynorsk publiserte Ivar Aasen i *Morgenbladet* 5. januar 1849. Truleg møttest dei to seinare same året, og i januar 1850 skreiv dei eit dikt saman på dansk. Jamsides og like var likevel ikkje Aasen og Vinje. Aasen var og blei grunnleggjaren, den første, han som fann ein skriftspråkleg fellesnemnar for dei fleste talemåla i landet. Han skreiv og dikta utanfor spaltene i ordbøkene og sidene i grammatikken, men han stod for teori, Vinje for praksis. Aasen dikta på landsmål frå 1851, men skreiv nesten all sakprosa på dansk gjennom seksti år. Vinje skreiv knapt noko på dansk etter 1858, skreiv mykje meir nynorsk enn Aasen, og tekstane hans nådde fleire lesarar.

Vinje var ein dyktig og omtykt talar, og det var difor ikkje berre som skrivar han vann posisjonen sin i Kristiania. Aasen gjekk aldri opp på ein talarstol, Vinje gjorde det ofte og gjerne. Vinje dyrka fagnad, Aasen heldt seg til faget.

Avisene i hovudstaden fortalde meir enn gjerne kor populær ein talar Vinje var. Russelaget heldt sin årlege fest på Bygdøy, og Vinje var der fleire gonger, som i 1861: «En Del Sange bleve afsungne, hvorpaa 'Dølen' besteg Talerstolen under en Jubel, der ikke syntes at vilde standse, og som hindrede de Fleste fra at høre hans fornøielige Tale, der endte med et Ønske om at 'Livet maatte holde hvad det lovede'». ¹³ Fem år etter var han der att, no i Turnhallen: «Senere talte Vinje om Tidens Krav, han hilsedes med Bravuraab, og blev ligeledes baaren paa Guld-stol». ¹⁴

For folketalaren Vinje var talerekkja i Bergen hausten 1869 høgdepunktet. Der blei han ein snakkis. På seks veker trykte aviser rundt om i landet nær 80 stykke, dels lange referat frå talane, dels kortare referat, dels lesarbrev, dels eigne kommentarar (Grepstad 2017 s. 298–303). Vinje fekk kritikk frå fleire hald for det dei meinte var eit dårleg opningsforedrag. Eit av dei mest interessante innlegga stod på trykk i *Bergens Tidende* måndag 8. november 1869. Dette innlegget sette ein heilt ny tone i det

norske ordskiftet om språk. Vi forstår ikkje kva han seier, skreiv «Ægte Bergensere». Dagen etter hevda «En Abonnent» det same i *Bergensposten*. Redaktøren nekta i ein hale til det første innlegget å tru at nokon ikkje forstod. Vinje svara straks og fekk støtte frå «Ogsaa nogle 'ægte Bergensere'» i *Bergens Tidende* 10. november 1869.

Vinje hadde snakka offentleg i årevis. Truleg brukte han ikkje telemål ved slike høve før han i 1858 gjekk over til å skrive nynorsk. Sikkert er det at han snakka på dialekt eller nynorsk på Eidsvoll 17. mai 1859 og seinare ved ei rekkje høve. Eg har leita, men ikkje funne noko i Kristiania-avisene som tyder på at han fekk negativ omtale for språkføringa. Reaksjonen kom i Bergen. Foredragsrekka frå Vinje utløyste det første offentlege ordskiftet om ein kunne forstå det nye språket eller ikkje. Særleg hausten 1858 hadde eit kvast ordskifte om det nye skriftspråket fylt mange avisspalter i hovudstaden. Den striden handla mest om behovet for og verdien av eit slikt språk, ikkje om ein forstod det eller ikkje.

All den tid mange diskuterte det Vinje sa, var det mange som forstod kva han sa. Likevel, i 1869 *var* det uvant å høyre foredrag på anna enn dansk med norsk uttale. At nokon reagerte høglydt, var som venta. Dette er likevel inga fullgod forklaring på reaksjonen i Bergen. Kanskje var det slik for somme at det ein hørde, var vanskelegare å forstå enn det ein las på trykk. Ei anna forklaring kan vere at tilhøyrarane femnde vidare sosialt og kulturelt enn avislesarane og dermed var meir framande for det dei hørde frå talarstolen. Telemålet skilde seg frå gatespråket, strilemål og sorlet av talemål langs kysten som nær sagt dagleg steig i land i byen. Dessutan: Vestmannalaget var blitt skipa året før i Bergen, og språkstriden kan med det ha kome tettare på fleire tilhøyrarar i Bergen enn i Kristiania. Heile Bergens-turneen hadde kome i stand som eit svar frå Vestmannalaget til ei foredragsrekke av seinare professor og universitetsbibliotekar

Ludvig L. Daae i Bergens Forelæsningsforening våren 1869. Der hadde Daae kritisert målstrevet, og no gav Vinje svar på tiltale.

Respekt for retorikken

Eg har, skreiv Vinje, «en vis Respekt for Taler, især naar jeg skal høre dem» (Vinje 1851f). Det han gjorde som talar, tyder på at han hadde respekt for å snakke også.

Kommentarane hans til ordskifta i Stortinget romma etter kvart ein overordna og normativ retorisk teori om talekunst. Knappt noko av det han skreiv om talekunst, var originalt. Langt på veg fell det saman med krava frå Hugo Blair og Jacob Rosted. Det originale var at han utvikla ein kritikk av talekunst nett på den tida då også ein offentleg kritikk av litteratur tok form.

Talaren Vinje var altså også talekritikaren Vinje. Han må ha vore ein av dei aller første i Noreg som utvikla og formidla ein retorisk, altså fagleg, kritikk av talar. I det unge demokratiet Noreg hadde den politiske talen svært mykje å seie i meiningsdanninga. På galleriet i Stortinget følgde han nøye med på den politiske talekunsten frå den fremste talarstolen i landet. På den måten gjorde han Stortinget og det politiske ordskiftet viktigare.

Vinje vurderte dei politiske talane, men sjølv heldt han mest doms- og lovtalar. Han insisterte på at den gode talen skulle skapast der og då ut frå høvet, dyrka verdien av det munnlege, men passa sjølv på å få skriftfesta mest mogleg av det han sa, og han refererte jamvel seg sjølv om ikkje andre gjorde det. Norma var tale, praksis var skrift.

A.O. Vinje var nok ein av dei store folketalarene i si tid. For somme var det å høyre han tale ei stadfesting av det han blei beundra og kritisert for som Kristiania-korrespondent i *Drammens Tidende*. Det var likevel mange fleire som hørde han tale, enn som las det han skreiv. Det munnlege som var så tydeleg i det

han skreiv, var noko han finslippte som talar. Skrivaren Vinje var avhengig av talaren Vinje og blei på den måten ein betre forfattar, kanskje også ein betre diktar.

Like viktig er det at ei retorisk grunnforståing på fleire måtar var ein del av det som etter kvart blei ein nynorsk skriftkultur. Tre av dei ligg opp i dagen. Lingvistisk var avstanden kort mellom tale og skrift i det nye språket, og munnlege seiemåtar og setningsstrukturar blei kjennemerke for god språkføring. Gjennom talar og foredrag kunne brukarane av nynorsk hevde seg på arenaer dei sjølve kontrollerte i eit samfunn der dansk skrift var så godt som einerådande fram til det 20. hundreåret. Å føre tydeleg og forståeleg tale festna seg utover i det 20. hundreåret som ei norm for nynorsk også i skrift. Med det har eg ikkje sagt at Vinjes retoriske praksis på talarstolen var enkel og eintydig talekunst.

Notar

- 1 Også i Vinje med fleire 1851a og 1851b er der enkelte kommentarar til talekunsten i Stortinget, til dømes i *Manden* 13.4. og 20.4.1951.
- 2 Vinje skreiv eit dikt til den festen, eit dikt om festen og heldt ein tale der. Olav Midttun nemner datoen 8.11.1851 i Vinje 1916 s. 396, og i Vinje 1944 s. 406, men 6.11.1851 i Vinje 1921 s. 394.
- 3 Foredraga er prenta etter manuskript, men for det sjette ligg berre ein snau kladd føre.
- 4 Ein som er nemnd i både Vinje 1854c og Vinje 1863 s. 78, var Lord Palmerston, regjeringsmedlem gjennom 46 år.
- 5 Rosted 1824 er to sider lengre enn 1810-utgåva. Blairs første-utgåve var derimot på 1046 sider.
- 6 Amund Børdahl og Hans-Ivar Kristiansen stod for ei ny utgåve i 2007.
- 7 Stortinget var samla 1.2.–30.9.1851, 1.2.–13.9.1854, 2.2.–14.10.1857 og 10.5.–9.6.1858 (Lindstøl 1915, 2).
- 8 Vinje 1869 er skriven i mai det året, for Vinje viser til ein artikkel i *The Spectator* 8.5.1869 og nemner at no er Grunnlova 55 år.
- 9 *Morgenbladet* 5.9.1859 etter *Chr. Amtstidende*, og Vinje i *Dølen* 4.9. og 11.9.1859.
- 10 Olav Midttun i Vinje 1919 s. 409. Ein annan slik tale som neppe blei halden slik den er trykt, er Vinje 1865, trykt under tittelen «Tale i eit Selskap av 'Bondevener'» i Vinje 1921 s. 98–102 og Vinje 1946 s. 27–31. Talen er udatert, men Søren Jaabæk hadde skipa Bondevenerne 20.2.1865.
- 11 Etter Vinje finst det svært få handskrifter utanom brev. I *Vinje-bibliografien* har eg med sju manuskript til talar, manuskript til 12 dikt, 3 skodespel, to prosastykke og ein sjølvbiografi (Grepstad 2017 s. 228–239).
- 12 «Norge», *Illustreret Nyhedsblad* 6.11.1864.
- 13 *Morgenbladet* 14.8.1861. Talen er trykt i *Illustreret Nyhedsblad* 12.8.1861.
- 14 *Morgenbladet* 19.8.1866. Vinje trykte talen i *Dølen* same dagen.

Litteratur

- «Bjørnson um Vinje» (1907). Reinskrive referat frå Olav Midttuns samtale med Bjørnstjerne Bjørnson 8.11.1907, *Ms. 40 3468*, Nasjonalbiblioteket.
- Berner, H.E. (1917). «Bjørnson og Vinje». *Dagbladet*, 4.2.1917.
